

Ny barnehage i Uskedalen frå nyttår

25.07.2006

Det blir likevel ny barnehage i Uskedalen. Helene Huse Bjørnebøle opnar privat barnehage frå nyttår. Det står no 25 born i barnehagekø i Uskedalen, men kommunen vil ikkje byggja.

Helene Huse Bjørnebøle planlegg å opna ein ny barnehage frå nyttår, heime på garden og med plass til 18-25 born, Ho er utdanna førskulelærar. Behovet er stort, for det står for tida 25 born i barnehagekø i Uskedalen. Kommunen hevdar at Kvinnherad har nær full barnehagedekning og vil ikkje byggja nokon ny avdeling. Men kommunen ynskjer at den private barnehagen kjem snarast mogeleg. Planen om den private barnehagen går ut på å reisa eit nybygg i to etasjar. Det vert sendt ut anbod i desse dagar. Den nye barnehagen vil få fire årsverk, skriv Kvinnheringen. Helene har alt eit godt kvalifisert personell som vil jobba i barnehagen og ho trur ikkje det skal bli problem med å få fylt opp alle plassane.